



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	31.08.2018
Kl.	10:00 – 15:25

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H

Forfall til møtet:

Åshild Kjelsnes, Ap
Gunhild Berge Stang, V

Varamedlemer til stades:

Jakob André Sandal, KrF
Marita Gunn Aarvik, FrP

Til stades med møte- og talerett:

Ass. fylkesrådmann Paal Fosdal

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Marita Gunn Aarvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av dokument 13 a – c i sak nr. 89/18, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Munnlege orienteringar:

- Kirkens Bymisjon, v/assisterande generalsekretær Johannes Heggland, orienterte om TV-aksjonen 21. oktober.
- Fylkesordføraren orienterte om det ledige styrevervet i Euromontana, jf. tidlegare orienteringar i fylkesutvalet 20. juni og 4. juli.
- Fylkesordføraren orienterte om Trivselshagen IKS.
- Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): I tilknyting til dokument 13 a – c i sak 89/18 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen og adv. Per Andreas Bjørgan, ut frå to presentasjonar som er journalførde i ESA 16/3230-199 og 200. Styreleiaren i SFE, Per Atle Kjøllesdal, og konserndirektør økonomi og finans, Martin Holvik, samt dagleg leiari i SF Holding AS, Jan Øhlckers, var til stades under delar av orienteringa og fekk høve til å kome til orde. Etter orienteringa drøfta fylkesutvalet saka.
 - Fylkesutvalet vurderte habiliteten til Hilmar Høl og fann han habil.

SAK 81/18 Ny selskapsavtale for Vigo IKS

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget godkjenner ny selskapsavtale for Vigo IKS, slik den ligg føre i vedlegg 1.

SAK 82/18 Lærdal kommune - kommuneplan sin samfunnsdel - høyring

VEDTAK:

1. Det er positivt at klima er handsama som ei overordna føring for heile planarbeidet, og at planen har definert gode og relevante satsingar. Fylkesutvalet utfordrar kommunen til å setje meir konkrete og målbare tiltak i handlingsdelen, for å sikre at satsingane vert gjennomførte.
 2. Fylkesutvalet ser det som positivt at kommunen har innarbeida og samordna det omfattande arbeidet med omstillingssprogrammet i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette gir ei god forankring i planen og sikrar vidareføring etter programslutt.
 3. For å sikre betre kopling mellom samfunnssdelen og langsiktig arealbruk bør føringane for arealdelen vere meir utfyllande. Fylkesutvalet tilrår å innarbeida, ev. utdjupa meir konkrete innspel til tema, slik går fram av høyringssvaret (jf. vedlegg 1 i saka) i føringane til arealdelen. Dette gjeld: tettstad-/sentrumsutvikling, bustadområde, næring, vass-forvaltning, hytteområde, landbruksområde og jordvern, klima, folkehelse, born og unge og universell utforming.
-

SAK 83/18 Førde - Kommuneplan 2018 - 2030

VEDTAK:

1. Planframlegget inneheld ikkje ein handlingsdel. I følgje Plan- og bygningslova §11-1 skal samfunnssdelen til kommuneplanen ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgast opp i dei neste fire åra.
2. Det er ei styrke ved planframlegget at ein har konkretisert korleis kvart tiltak skal følgjast opp i arealdelen. Ein bør likevel styrke føringane for arealdelen ved å vise kor store areal som trengs for å følgje opp dei einskilde tiltaka, kva eigenskapar areala bør ha mv.
3. Klimaomstilling bør vere eit noko meir sentralt tema i samfunnssdelen med handlingsdel, og med føringar for arealdelen.
4. Det er positivt at ein skal følgje opp tiltaka i sentrumsstrategien ved å utarbeide ein sentrumsplan. Denne bør kunne bli ein områdeplan for heile Førde sentrum.
5. Planframlegget legg opp til at minimum 50% av bustadbygginga skal vere i sentrumsnære område. Det er ikkje definert kva som er sentrumsnære område. Ambisjonsnivået for dette bør òg vurderast nærare.

6. Planframlegget bør definere eit generelt mål knytt til tilstanden på naturmiljø, inkludert vassmiljø. Kommunen si målsetting og tiltak i samfunnssdelen bør spegle at ein skal oppnå god miljøtilstand i alle vassførekomstar innan 2021.
-

SAK 84/18 Endring av retningslinjer for tilskotsordning for hurtigladestasjonar

VEDTAK:

1. Retningslinene for tilskotsordning til hurtigladestasjonar for elbil vert justert slik at fleire typar ladestasjonar/infrastruktur for nullutsleppskøyretøy kan støttast.
 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere retningslinene i samsvar med punkt 1.
-

SAK 85/18 Høyring av forslag til endring i energilovforskrifta om internkontroll for miljøkrav for anlegg med konsesjon etter energilova kapittel 3

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet støttar høyringsframlegget frå NVE om oppretting av ny § 3.7 inkl. endring i § 9-7 om overtredelsesgebyr. Endringane vil gjere at det vert stilt krav til konsesjonærane om å ha god og tilgjengeleg oversikt over verknadane dei ulike anlegga har for miljø og landskap og dei vilkår som er stilt i konsesjonen. Endringane vil også gjere det enklare for NVE å føre tilsyn.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det bør vurderast om mindre anlegg skal ha reduserte/tilpassa krav for å hindre kostnadsdrivande system som kan redusere lønsemada og hindre eventuelle nye utbyggingar.

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Siste setning i konklusjonen saksframlegget (Fylkesutvalet ser positivt....) erstattar siste setning i vedtaket (Endringane vil også....)

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, samt framlegga frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet støttar høyringsframlegget frå NVE om oppretting av ny § 3.7 inkl. endring i § 9-7 om overtredelsesgebyr. Endringane vil gjere at det vert stilt krav til konsesjonærane om å ha god og tilgjengeleg oversikt over verknadane dei ulike anlegga har for miljø og landskap og dei vilkår som er stilt i konsesjonen. Det bør vurderast om mindre anlegg skal ha reduserte/tilpassa krav for å hindre kostnadsdrivande system som kan redusere lønsemada og hindre eventuelle nye utbyggingar. Fylkesutvalet ser positivt på at det vert innført krav om internkontroll, men understrekar at krava må vere tilpassa behovet.

**SAK 86/18 Bremanger - gbnr 78/7, 76/2, 76/5 med fleire - Aksla
steinbrot - detaljregulering**

VEDTAK:

Fylkesutvalet går til motsegn mot etablering av steinbrot på Aksla med tilhøyrande anleggs- og utskipingsareal. Motsegna er knytt til tre fagområde;

1. Kulturminne. Vingen helleristningsfelt (id. 87369) er eit nasjonalt og internasjonalt viktig kulturminneområde og inngår i eit heilskapleg kulturhistorisk landskap. Dette landskapet vil bli forringa av dei planlagde landskapsinngrepa.
 2. Landskapsbilete. Konfliktnivået når det gjeld landskapsbiletet er knytt til storleik på arealet som er planlagt, og mengd masse som skal takast ut. Behovet for å planlegge eit så stort tiltak er ikkje tilfredstillande utgreidd. Det er ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert alternative eller avbøtande tiltak som vesentleg kan redusere konfliktnivået.
 3. Vassmiljø. Det manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.
 4. Som fylkeskommunen sin representant i forhandlingane vert vald: Fylkesordføraren
-

**SAK 87/18 Høyningsfråsegn - Forskrift om utstedarveksem for
bompengar og ferjebillettar (utstedarforskrifta)**

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til hovudtrekka i vedlagde uttale frå Ferde AS, og vil særleg påpeike følgjande:

- Forskrifta må legge til rette for at kostnader til administrasjon av bompengar vert på eit lågast mogleg nivå. Dei økonomiske konsekvensane av forskrifta bør difor vurderast nærmare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør vere eit tak på denne godtgjersla for særskild dyre samband, som t.d. ferjesamband.
 - Forskrifta må avklare nærmare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
 - Fristen for iverksetjinga av forskrifta bør vurderast utsett, slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og utstedarselskapa kan få tilstrekkeleg tid til å etablere seg.
-

**SAK 88/18 Høyningsuttale - forslag til forskrift om endring av
forskrift om miljømessig tryggleik for skip og flyttbare
innretningar**

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig å ivareta verdsarvfjordane og statusen desse har. Vi ser difor positivt på at det vert stilt miljøkrav til fartøy som opererer der.
 2. Vi er bekymra for dei økonomiske konsekvensane strengare NO_x-krav kan få for reiselivet knytt til verdsarvfjordane. Tiltaket vil vere konkurransevridande.
Å innføre miljøkrav lokalt her, løyser mykje av problemet der, men overfører utfordringane til andre stader der cruiseskipa vel å legge til kai.
 3. Det bør stillast statlege miljøkrav, inkludert klimagassutslepp, i alle fjordane, for å utvikle ei meir berekraftig turistnærings, i tråd med vedtekne regionale planar. Med ei heilskapleg tilnærming vil ein òg redusere dei lokale konsekvensane for næringa.
-

SAK 89/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 31. august 2018.

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Fylkesdel plan for arealbruk - retningsliner for handel m.m.
 - 1b: Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre opphører fra 1.juli 2018
 - 1c: Epostmelding frå KMD
 - 1d: Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
 - 2: Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS
 - 3a: Søknad om midlar - Gaularfjellsvegen 80 år
 - 3b: Tilleggsopplysningar - Gaularfjellsvegen 80 år
 - 3c: Gaularfjellsvegen 80 år
- Vedtak:**
Fylkesutvalet løyver kr 10 000,- med dekning frå «fylkesutvalet til disposisjon» på vilkår av at dei to kommunane bidreg med det same.
- 4: Brev frå Samferdsledepartementet datert 17. juli: Stad skipstunnel
 - 5: Brev frå Samferdsledepartementet datert 18. juli: Klagesak –
Søknad om løyvefritak for transport med personbil
 - 6: Brev frå Statens vegvesen, datert 6. juli 2018: Endring av vegnummer som følge av regionreformen
 - 7: Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet, datert 8. juni 2018: Invitasjon til å foreslå nye medlemmer i Bioteknologirådet
 - 8a: Brev frå Klima- og miljødepartementet, datert 5. juli 2018: Om det vidare vassforvaltningsarbeidet
 - 8b: E-post frå KS datert 10.august 2018: Videre arbeid med vannforskriften
 - 9a - e: CPMR North Sea Commission newsletter m/vedlegg

10a og b: Sekretær for Nasjonal rassikringsgruppe

11a: Gjøa-avtalen, jf. FU-sak 139/16 - Løypemelding nr. 9

11b: Signert avtale om gjennomføring av Gjøa-avtalen.

12a: Spørsmål fra Trude Brosvik i e-post av 6. august 2018 – Drosjeløyve og innkjøp av tenester

12b: Svar fra fylkesordføraren

13a: Notat fra Lund og co: Løypemelding 4/2018

Ikkje offentleg, Offl. § 15 andre ledd og § 23 første ledd

13b: Sluttinnlegg til Sogn og Fjordane Tingrett fra Lund & Co

13c: Sluttinnlegg til Sogn og Fjordane Tingrett fra Wikborg Rein Advokatfirma

13d: Vedtekter – Sogn og Fjordane utviklingsfond

Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd

14: Fare for kutt i ferjetilbodet på Fensfjorden
